



Saksbehandlar: Arvid Stenehjem, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 17/1191-6

Skriv og meldingar 29. november 2017

Hovudsamarbeidsutvalet tek skriv og meldingar til vitande.

Meldesak 1) Grunnopplæring i arbeidsmiljøkunnskap

Opplæringa vart gjennomført for 12 deltagarar. Kurset er som tidlegare delt i to modular à to dagar og ble gjennomført dagane 4. og 5. oktober med vidare oppfølging 25. og 26. oktober 2017.

Evaluering:

9:12 svara (N=9)	Godt	Middels	Ikkje bra	N
Fagleg innhald	9	0	0	9
Kursmateriell	7	2	0	9
Presentasjon	8	1	0	9
Deltakaren sin eigen innsats	6	3	0	9
Totalvurdering av kurset	8	1	0	9

Meldesak 2) Seinkarrierekurs 2017

Som lekk i fylkeskommunen sin seniorpolitikk vart seinkarrierekursa gjennomført for høvesvis KLP (17 deltok) og SPK (38 deltok) sine medlemmar dagane 14. og 23. november. Seinkarrierekursa er vårt årvisse dagskurs for høvesvis KLP og SPK sine medlemmar arrangert og betalt av sentrale midlar. Frm-personal lagar innhaldet saman med pensjonskassane KLP/SPK og eventuelt NAV.

Kurstema og innhald:

- ✓ Motivasjon – arbeidspsykologisk vinkling
- ✓ AFP/KLP informasjon - faktabasert
- ✓ Din pensjon – kroner og ører
- ✓ Eventuelt supplere kurset med relevant faglitteratur

Vi organiserer "ein til ein samtalar/konsultasjonar" for dei av våre medarbeidarar som ønskjer dette.

Meldesak 3) Fylkeshovudverneombodet samla alle hovudverneomboda

Fylkeshovudverneombodet i samarbeid med Frm-personal inviterte alle 15 hovudverneombod til samling. Tidspunkt og møtestad var mandag den 6. november 2017 på Thon Hotel Skei, Skei i Jølster.

Hovudverneomboda i fylkeskommunen har eit særskilt viktig verv. Det å arbeide for arbeidsmiljøet, og vera ressurspersonar for arbeidsmiljøarbeidet i sine respektive einingar. Rolla som fast medlem i LAMU er viktig. Dette krev kunnskap. Denne årvisse samlinga skal bidra til auka innsikt i rolla, kunnskap om arbeidsmiljø utfordringar, om aktuelle tiltak og om systematisk hmt-arbeid generelt.

Meldesak 4) Regionreforma – status og vidare prosess

Status for regionreforma pr. 6. november 2017 – sjå vedlegg.
Siste oppdatering vert lagt fram i møtet.

Meldesak 5) Revisjon/evaluering av seniortiltak

Etter vedtak i HSU den 16.9.2015 (15/8918-1) vart seniorpolitisk handlingsplan erstatta av ordninga seniortiltak. Ordninga har vore gjeldande frå 1.1.2016 og hadde mål om å evaluera det ved utgangen av 2017. Vi tek sikte på å få lagt dette fram for HSU i sitt første møte på nyåret.

39 seniormedarbeidarar har hittil i år nytta seg av tiltak som er avtalt mellom næreste leiar og den tilsette. I år 2016 var talet 55.




Meldesak 6) Revisjon/evaluering av utviklingssamtalen

Utviklingssamtalen som verktøy og erfaringar av bruken skal evaluera. Gjennom årsrapportane til LAMU og frå medarbeidarundersøkinga MTM, har vi fått basiskunnskap som skal nyttast i dette arbeidet. Vi tek høgde for å få fram denne saken til HSU sitt første møte på nyåret.

utviklingssamtalar	utviklingssamtalar
kor mange tilsette har fått tilbod om utv.samt?	16 einingar gjev tilbod.
kor mange samtaler er gjennomført?	16 einingar gjennomfører heilt/delvis
behov for opplæringstiltak i bruk av samtalens?	2 ynskjer opplæring utv.samt.

Tabellen over er data frå årsrapportane til LAMU 2016.

Tabellane under er henta frå samandrag av medarbeidarundersøkinga MTM desember 2016.



Meldesak 7) HMT-opplæring

Det er meldt om interesse for kortare dagskurs / oppfriskingskurs i HMT for ulike grupper. Arbeidsgjeveropplæringⁱ i HMT er lovfesta i [aml § 3-5](#), men ikkje gitt eiga forskrift med innhald og omfang. Frå årsrapportane til LAMU 2016 er følgjande tilbakemeldingar gitt:

HMT-opplæring	HMT-opplæring
alle VO og LAMU medl 40-t kurs?	8 av 16 har opplæring: AMU og VO
behov for oppfriskingskurs?	9 av 16 ynskjer oppfriskingskurs
behov opplæring leiarar/mellomleiarar?	6 av 16 einingar har leiarar som treng opplæring
kor mange treng 40-t kurs i 2016?	10 einingar, 16 pers. ikkje alle har oversikt over eksakt behov
ønske om dagskurs i AM-kunnskap?	11 einingar. Ikkje tydleg på kor mange personar.

I samarbeid med Stamina Helse har vi fått ei skisse til dagskurs. Vi vil presentere dette for einingane (leiarnivåa) for å sjekke ut interessa. Vidare vil vi vurdere om verneomboda og medlemmane i LAMU kunne ha nytte av same kurset eller om det skal lagast eit eige tilbod til denne gruppa.

Meldesak 8) Årsrapport 2016 LAMU sentraladministrasjonen - retting av feil i samanstillingsrapporten fra Stamina Helse AS.

Ved ein inkurie vart data frå LAMU Sentraladministrasjonen sin årsrapport 2015 klypt inn i tilbakerapporten for året 2016. Denne feilen vart ikkje oppdaga og med det vidareført til HSU sin handsaming av sak 8/17 (17/369-7) i møte den 24. mai i år. Vidare vart følgjefilen formidla i vedtaksformidlinga/tilbakemeldinga frå Frm-personal til m.a. sentraladministrasjonen. (Om denne saksgangen, sjå fotnoteⁱⁱ).

Stamina Helse As har retta op sine feil og levert ein ny korrigert rapport som saman stiller rette data frå 2016 årsrapportane til våre lokale arbeidsmiljøutval (LAMU).

LAMU Sentraladm handsama dette som ei eiga sak 21/17 i sitt møte den 16. november 2017 og gjorde følgjande vedtak:

21/17 Korrigert årsrapport 2016 for LAMU, tilsendt frå Stamina

Stamina har retta opp i årsrapporten for 2016, slik at dei feila som vart påpeika i førre møte er retta opp i no. Arvid orienterer HSU gjennom skriv og melding i neste møte om den korrigerte årsrapporten for 2016.

Vedlagt den korrigerte samlerapporten frå Stamina Helse AS.

ⁱ Arbeidsgjever skal gjennom opplæringa skaffe seg kunnskap om grunnprinsippa i systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid. Med arbeidsgjever er det meint verksmeda sin øvste leiar. Opplæringsplikta er personleg og kan ikkje delegerast.

ⁱⁱ LAMU sine årsrapportar har innleveringsfrist 1. mars. Vidare vert innhalda i dei 15 rapportane gjennomgått og systematisert. BHT går også gjennom for å få naudsynt innsikt i vår aktivitet og leverar ein samlerapport til oss. Denne samlerapporten dannar grunnlag for saksutgreiinga til HSU sitt mai-møte. Etter vedtak i HSU vert kvar eining/LAMU tilskreven med kommentarar og tilbod om hjelpe og rettleiring på dei sjølvrapporterte områda dei manglar fullgode resultat. Dette dannar ei årshjul med opprettande bistand/hjelpe i hmt-arbeidet frå Frm-personal/HMT og frå BHT.